



## Backuprutine

### Backupstrategi

Backupstrategi av sentralt serverutstyr.

*Omfang:* Dokumentet omhandler skildring av strategi og rutine for backup av servere som vert drifta av IKTNH.

*Oppbevaring:* All backup skjer til disk (datadomain). Datadomain og backupserver er plassert på Knarvik Sjukeheim innelåst i eige rom. Data vert lagra i eitt år.

*Ansvar:* IKTNH har ansvar for at backuprutinane vert følgt. Dei er som følgjer:

- Dagleg: Det vert tatt backup kvar dag
- Dagleg: Det sjekkast status på backup
- Månadleg: Restore sjekkast

### Oppsett

Løysinga inneheld følgjande komponenter:

- Backupserver – HP ProLiant DL360p Gen8 med Networker backupprogramvare installert.
- Lagringsserver – Datadomain DD640 med 30 TB samla diskkapasitet
- Proxy for backup av VmWare – Appliance i VmWare
- Data frå sikker sone er skild ut på eige område på Datadomain

Type	Funksjon	Tid	Merknad
Fil	Backup av filer på fysiske servere.	Kveld/natt	Full backup natt til laurdag – incremental resten av veka
Database	Backup vert kjørt som eigen jobb (Maintenance) på kvar databaseserver.	Ettermiddag/kveld	Full backup kvar dag. Backup av transaksjonsloggar med faste intervall på dagtid
Epost	Backup av Microsoft Exchange løysinga	Kveld	Full backup natt til laurdag – incremental resten av veka
VmWare	Backup av servere i VmWare	Kveld/natt	Full backup første gong. Sidan Incremental

### Generell prosedyre for Recover/restore

- Kva gikk tapt når?
- Få tak i info om filer: full sti med server, dato/tidspunkt tapt/feil og sist lagra OK
- Bla i backup selection og marker aktuelle filer
- Kjør restore